



# Nordfjord vassområde

Arbeidsutvalet til Vassområde Nordfjord  
I flg adresseliste nedanfor

Att:

<b>Dykkar ref</b>	<b>Vår ref (oppgje ved svar)</b>	<b>Dato</b>
	13/12726	28.10.2013

## Møte Arbeidsutvalet Vassområde Nordfjord 21.10.2013

Møtet fann stad på Nordfjord Hotell, Nordfjordeid, 21.10.2013 kl 9.30 – 13.30.

Desse møtte:

Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune  
Odd Rønningen, Stryn kommune  
Stanislawa Voldsund, Eid kommune  
Kristine Dahl, Gloppen kommune  
Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Desse hadde meldt forfall:

Kristian Nave, Selje kommune  
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune  
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

### Sak 14-2013 Prosjektleiarstilling (Jamfør sak 13-2013, på møte 16.08.2013)

Prosjektleiar søkt om 50 % permisjon frå stillinga t.o.m. 31.12.2014. Gloppen kommune har som vertskommune og arbeidsgjevar innvilga søknaden. Vassområdeutvalet er orientert om dette i statusrapport av 24.09.2013.

Merknader som kom fram i møtet var at dette er ein betre løysing enn å tilsette ny prosjektleiar i 100 %, men utan bakgrunn frå prosjektet. Men det kan innebere at kommunane må ta større del i arbeidet. Dette førte møtet inn på ei drøfting av arbeidsdelinga mellom kommunane og prosjektleiaren. Prosjektleiar viste til prosjektplanen (vedlagt), der kommunane sine oppgåver og ansvarsområde går fram under punkt 4.2, mellom anna

- Utgreie forslag til miljøforbetrande tiltak for sitt ansvarsfelt/ levere materiale til tiltaksanalysen.
- Utgreie premissane for fastsetting av miljømål.
- Gjennomføre og finansiere tiltak for sine ansvarsfelt (kloakk, landbruksforureining m.m).
- Rapportere til vassregionmynde årleg.

### **Sak 15-2013 Tiltaksanalyse – status**

Kommunane fekk brev frå Fylkeskommunen, som er vassregionstyresmakt, datert 24.01.2013, med tidsfrist for å spele inn premisser for miljømål, tiltak og pågåande overvakingsaktivitet. Innspela skulle sendast til til vassområda ved prosjektleiar innan 01.03.2013. Det vart nødvendig å utsette denne frista til 1. juni, men framleis i oktober er fleire av kommunane i Vassområde Nordfjord forsinka i arbeidet med å utgreie tiltak. Likeså er fleire andre sektorstyresmakter fosinka i tilsvarande arbeid innanfor sine ansvarsområde. Fylkeskommunen har ikkje stilt konkrete krav om forma på tiltaksanalysen, men den skal mellom anna innehalde framlegg til tiltak i alle vassførekomstar som ikkje når miljømåla, samt loggføring av aktivitetar som skal fremje medverknad frå interessehavarar, lag, organisasjonar m.v.

Kommunane kan for enkelte vassførekomstar definere eigne brukarmål (t.d. badevasskvalitet eller drikkevasskvalitet) eller mål etter anna lovgiving, som er strengare enn krava i vassforskrifta. Dersom slike mål er fastsett skal også dei kommuniserast til prosjektleiar som tar dei inn i tiltaksanalysen.

Voldsund peika på at det mangler kompetanse i kommunane til å utgreie tiltak. Døme er tiltak som bufferoner i høve landbruksaktivitet langs elvane, samt støtteordningar til private huseigarar ved tilknytning til kommunale avløpsanlegg. Som ei god hjelp til å heve kompetansen, viste Voldsund til Fylkeskommunen sine planar om eit seminar om landbruk og spredte avløp. Dersom ikkje seminaret blir avvikla i nær framtid, vil det vere behov for arbeidsmøte for Nordfjordkommunane med nemnte tema. I mellomtida vil prosjektleiar prøve å hente inn informasjon frå fagmiljøa. Det er også behov for redskap for å kartlegge og halde oversikt over spredte avløp.

Eid kommune har vedtatt buffersoner i deler av Eidselva. Voldsund vil undersøke nærare med landbrukskontoret i kommunen kva dette inneber konkret.

Det vart vist til interkommunalt samarbeid om avløpsforskrift og tilsyn i Søre sunnmøre. Tilsvarande samarbeid kan vurderast i Nordfjord.

Prosjektleiar har vore invitert til møte mellom landbrukskontoret og faglaga i Gloppe kommune innanfor landbruk og skogsbruk. Han har då orientert om arbeidet etter vassforskrifta. Han oppfordrar andre kommunar til å følge dette eksempel, for å legge til rette for medverknad.

### **Sak 16-2013 Konsulenthjelp**

Som nemnt i statusrapport til Vassområdeutvalet 24.09., foreslår vertskommunen at lønsmidlar som blir frigjort når prosjektleiar går ned i 50 % stilling vert nytta til konsulenthjelp. Arbeidsutvalet drøfta ulike behov for konsulenthjelp, og kom fram til at det er størst behov for å føreta analysar av tilførsel frå landbruk og spredte avløp, for å få eit betre grunnlag til å fastsette miljøtilstand, eller sette inn vidare vassovervaking. Rønning viste til at Stryn kommune har hatt gode erfaringar med tilsvarande analysar, som pilotkommune for vassforvaltningsarbeid. Rønning peika elles på manglande kunnskap om grunnvassførekomstar. Prosjektleiar viste til at tilstand i grunnvatn ikkje er ferdig vurdert frå Fylkesmannen si side, og anbefalte å avvente med tiltaksarbeid på dette område.

### **Sak 17-2013 Orienteringar**

Det vart kort orientert om førebels rapport frå Uni Research vedkomande sjøundersøkingar, samt brev til referansegruppa. Det kom ikkje fram merknader til desse dokumenta på møtet.

**Neste møte** i Arbeidsutvalet for Vassområde Nordfjord:  
torsdag 21.11.2013 kl 9.30 på Nordfjord hotell.

Staffan Hjohlman

Ref.

**Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
207717	Vassområde Nordfjord - prosjektplan.pdf

**Mottakarar:**

Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Kristine Dahl, Gloppen kommune

Kristian Nave, Selje kommune

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

Finn Olav Myhren, Jølster kommune